

Kulturavdelinga
Hordaland fylkeskommune

SØKNAD OM TILSKOT TIL ARBEID MED BOK OM KLYNGETUNET – LANDSBYEN SOM BLEI BORTE

Under arbeidet med boka NOREGS LÅVER som kom ut i 2014, fekk vi ideen til eit nytt prosjekt - om klyngetunet - det store fellestunet som først og fremst var vanleg på Sør- og Vestlandet og i Nord Noreg fram til midt på 1800-talet.

Arbeidstittelen til denne boka er "Landsbyen som blei borte". Ho skal fortelja historia om den landsbyliknande grenda, der mange bondefamiliar budde samla i ei tett husklynge med jorda oppdelt i mange små teigar rundt tunet. Dei små og store landsbyane blei splitta opp i samband med utskiftinga, jordreforma som måtte til for å modernisera jordbruket og gjera bonden skikka til å ta del i pengesamfunnet. Denne omveltinga skapte det bygdelandskapet vi kjenner i dag, med ein bonde på kvart tun.

Agatunet i Ullensvang og Havråtunet på Osterøy er dei mest intakte og best kjende av dei fellestuna som av ulike årsaker slapp unna oppsplittinga. Men det finst fleire andre tun som framleis har gamle strukturar og mange nok gamle bygningar til at også dei kan vera med på å fortelja denne historia. Vi vil oppsøkje eit utval av dei attverande tuna, presentera dei med tekst og bilete i boka, fortelja om livet i tunet slik det ein gong var og korleis det står til der i dag. Fleire av desse tuna er museum, i mange av dei bur det folk enten heile året eller om sommaren, andre er fråflytta. Nokre tun har aktiv gardsdrift, på Havrå driv dei framleis på gamlemåten.

Vi har ikkje gjort det endelege utvalet enno, men både Agatunet og Havråtunet vil sjølvsagt få spesielt brei omtale i boka. I Hordaland vil vi elles fortelja om Isdal i Lindås, fleire mindre fellestun i Sørfjorden og om rekkjetun på Voss blant anna.

Vi som jobbar med dette er fotograf Oddleiv Apneseth og journalist Eva Røyrane. Forlaget Skald vil gje ut boka, planen er at ho skal koma hausten 2018. Innsamlinga av stoff vil etter planen ta til i haust og krevja reiser til klyngetun i Vest Agder, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Nordland, Troms, Oppland og Telemark. Kanskje blir reiseruta endå lenger.

Førebuinga av prosjektet er godt i gang. Blant anna må arbeidet finansierast. Vi søker om økonomisk støtte på fleire hald, blant anna har vi (august 2016) søknad til handsaming hos Riksantikvaren og i Kulturrådet. Forfattaren har fått skrivestipend frå Det faglitterære fond.

No tillet vi oss også om å be om støtte frå fylkesmenn og fylkeskommunar i dei fylka som har fleire tun som får større omtale.

Vi søker med dette Hordaland fylkeskommune om eit tilskot på kroner 30 000 til delvis dekking av utgiftene vi har til innsamling av stoff i dette fylket. Vi reknar med å bruka vel ei

veke på reisa i Hordaland. Gjennomsnittleg kostnad (løn/reise/oppald/diett) per veke for oss to til saman er kr 44 000.

Sjå vedlagt budsjett.

Eit eventuelt tilskot kan merkjast BOK OM KLYNGETUN og overførast til konto 3633 36 31274. Inkomne tilskot blir forvalta av Skald så lenge bokarbeidet pågår.

Venleg helsing

Eva Røyrane og Oddleiv Apneseth

Bergen august 2016

Eva Røyrane

99523087

eva.royrane@gmail.com

Eva Røyrane as

Gamle Nøstegaten 8

5010 Bergen

orgnr. 911742128